

Jåstad

TEMA: Bønder og busetnad ①37,
Folkekunsten og bygdehandverket og ①27

Garden JÅSTAD, som ligg nokre kilometer nord for Agatunet, må ha vore ein storgard i mellomalderen. TOROLF PÅ JÅSTAD er nemnd som forliksmann i 1293, og i korsgangen på Lyse kloster er SIGURD, bonde på Jåstad, og kona hans SIGRID – kongen si frendekone – gravlagd.



Jåstadstova står i dag ved Hardanger folkehøgskule på Lofthus.

Den gamle røykstova på Indre Jåstad vart flytta til Hardanger folkehøgskule i 1925, der stova står i dag. I gavlveggen over døra inn til hovudrommet står denne innskrifta rista i runer:

«MARKUS MARKADI («Markus merka», d.e. skreiv runene).

Haakon Shetelig opplyser i 1904 at

runene er «anbragt udvendig paa stuens søndre gavl og vender nu ud til den lille forstue, som er bygget foran indgangen. Over døren er stokkene fladhugget, da der har været et lidet soveloft foran gavlen med en liden glugge ind til stuen». Det må vera eit såkalla ramloft det her er tale om; truleg bygt til i mellomalderen, men fjerna seinare. Jåstadstova vart freda i 1924. □

GUNNAR ANFINSEN ÅREKOL


På den vesle husmannsplassen sin i «Hagen» under hovudbruket på Årekol i Grimo dreiv GUNNAR ANFINSEN ÅREKOL (1784–1856) med mange sysler: fruktdyrking, tobakksdyrking, kringlebaking, fyrstikkfabrikasjon, bokbinding – og rosemåling. Gunnar var helseveik og hadde truleg beintuberkulose. Prost Nils Hertzberg tok seg av han og greidde å stogga sjukdommen, men Gunnar vart vanfør og halt etter dette. Hjø Hertzberg lærte han å binda inn bøker, og dette har nok vore ei god kjelde til kunnskap. Innskrifter på skåler og kister syner at Gunnar meistra både tysk og latin.

Det var først og fremst rosemålar Gunnar var, med ein fargesterk stil på raud eller kvit botn, prega av blombarokkens fargar og kraftige former. Mange av motiva har han nytta i friske fargar på innsida av kistelok, der han også har skrivne eigaren sitt namn i runer. Vi kjenner att dei storlagde formene frå kyrkjedekoren på 1600-talet: rankar med fleirbladrosar, drueklasar og ein valmuelikande, gjennomskoren blom. Særleg firbladrosa blir eit hovudmotiv på dei mange skautaskrina. Truleg har dette motivet eit symbolinnhald; eit lukkebringande motiv knytt til bryllaup og ekteskap. Gunnar Årekol har vore påverka av «skautaskrinmålarane» i Kvam, særleg PER ANDERSSON ÅRHUS frå Steinsdalen (1757/58–1831) (①373).



HÅHAUGSTEINEN

På Håhaug, ei slette litt opp frå garden Haustveit, ligg ein stor firkanta stein; HÅHAUGSTEINEN. På alle sider av steinen er det helleristingar, men mest på solsida, på sørsida. Her finn vi solhjul, skipsfigurar, fotsolar o.l. Det er tydelig at her har vore ein kultstad i bronsealderen, for 3000 år sidan.



Kista frå Sekse, måla av Gunnar Årekol i 1813. Vi ser her ei sjarmerande samanstilling av kyrkje, karosse og rytta, henta frå ei bok: «Den Kloge og forstandige Huslærer» (1804). Motivet er kransa inn av ein fargerik ranke i blombarokkens polykrome stil. Eigaren sitt namn er skrivne med runer (①373).